

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger



Att:

Aurland, 18. mars 2014.

Sogn Jord- og Hagebruksskule som regional utviklingsaktør – uttale.

Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP) er etablert kring verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet. Regionalparken inkluderer ei breitt samansett gruppe av aktørar i fjordfylka Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking og bruk av verdsarven.

Stifta den 25. januar 2008 av Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss. Verdsarvparken, både som organisasjon og samarbeidsplattform, har som sitt fremste føremål:

- Å vere pådrivar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet - Ivareta og verne om verdsarvverdiene gjennom utvikling og bruk.
- Utifrå felles mål å koordinere og samordne den samla innsatsen kring Nærøyfjordområdet – på tvers av men gjerne i samarbeid og fellesskap med ulike sektorar, ansvar og mynde.
- Å skape møteplassar og utvikle partnarskap/ fellesskap mellom eit vekslende mangfald av aktørar og initiativ som fremjar parken sitt føremål.
- Å arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.

Sogn Jord og Hagebruksskule (SJH) er partnar til Verdsarvparken. Parkstyret fremjar fylgjande uttale med grunnlag i den pågåande prosessen for å sikre tilstrekkeleg finansiering av naudsynt oppgradering av bygningsmassen fylgjande uttale:

SJH har vore og er utan tvil ein viktig nasjonal aktør og kompetansesentrum for utvikling av eit mangfaldig og nyskapande miljø innanfor natur og kulturbasert verdiskaping. Dette har gjort seg gjeldande på landsplan som pioner og kraftsentrum i framveksten av økologisk landbruk, gjennom m.a. samarbeid med den landsdekkande organisasjonen Norsk Gardsost, i rolla som Kompetansenav innan småskala matforedling og ikkje minst som ein medspelar i framveksten av det nyskapande miljøet som tek form som ei næringsklynge innan natur og kulturbasert verdiskaping i Aurland/ Nærøyfjordområdet.

SJH er i realiteten det einaste fullverdige verktøyet som kan medverke til å nå nasjonale mål om auka økologisk landbruksproduksjon og forbruk.

SJH er i praksis eit Nasjonalt kompetansesenter for natur- og kulturbasert entreprenørskap og utvikling. Å styrke og vidareutvikle denne funksjonen vil vera eit viktig tiltak for å hente ut det store næringspotensialet som ligg i den verdsarvstatusen dette området har. Med det store kontaktnettet SJH og Kompetansenavet har vil ein dessutan stimulere natur- og kulturbasert entreprenørskap og utvikling over store deler av landet.



Det som er nemnt framom tilseier klart at ei vidare satsing på og utvikling av SJH må vurderast i eit nasjonalt perspektiv – både i høve til å ivareta noverande og framtidig kompetanse/ aktivitet samt prioritering/ løyving av midlar.

Med dette som grunnlag vil vi sterkt tilrå at skuleeigar Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Tilfører Sogn jord og hagebruksskule nok ressursar for å kunne drive eit aktivt og målretta utviklingsarbeid i tida framover.
- Prioriterer naudsynt opprusting og vidareutvikling av bygningsmasse og utstyr for undervisning og kursverksemda på skulen gjennom tilstrekkeleg løyving av midlar.

Med helsing

Leif Inge Underdal
Styreleiar

Kopi:

- Sogn jord- og hagebruksskule, 5745 Aurland.
- Aurland kommune, Vangen 1, 5745 Aurland.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, pb. 14, 6801 Førde.
- Kunnskapsdepartementet, Pb. 8119 Dep, 0032 Oslo
- Klima- og miljøverndepartementet, Pb. 8013 Dep, 0030 Oslo.
- Landbruks- og matdepartementet, Pb. 8007 Dep, 0030 Oslo